

► **Vedlegg 8 - Risiko- og sårbarheitsanalyse - Områdeplan Langevåg sentrum**

Samandrag/konklusjon

Med utgangspunkt i forslag til områdeplan for Langevåg sentrum er det gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Denne skal ivareta plan- og bygningslova sine krav om ROS-analyse ved all planlegging (jf. §4-3). Det har blitt gjennomført ein innleidande fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering av dei tema som framstår som relevant.

Følgande farer er identifisert og har blitt vurdert:

- Skred
- Flaum frå elvar og vassdrag
- Havnivå, stormflo og bølgjepåverknad
- Støy
- Klimaendringar

Det er identifisert følgande risikoreduserande tiltak:

- Å sikre tryggleik for marin leire er knytt til byggegrøpsproblematikk. Det er difor i samråd med NVE vist eit føresegnsområde i plankartet. I tilhøyrande føresegner er det stilt krav om at gjeldande tryggleikskrav i NVE sin rettleiar og byggeteknisk forskrift skal ivaretakast. Vurderingar av grunnforhold skal utførast av fagkyndige geoteknikarar (RIG) i samband med detaljregulering eller byggesøknad.
- For å sikre tryggleik mot flaum frå elvar og bekkar ved framtidig utbygging så har ein lagt inn byggegrense på 20 meter frå eksisterande elveløp.
- I områdeplanen er det vist faresone flaum som samsvarer med flaumberekningane for 20-, 200- og 1000-års gjentaksintervall i eit framtidig klima. I føresegnehene til faresonen er det stilt krav om at tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum jf. sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggeteknisk forskrift skal vere dokumentert ivaretatt gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før bygging kan starte. I krav om detaljregulering skal tiltak mot flaum vurderast og ev. innarbeidast.
- I områdeplanen er det vist Faresone – Havnivå og stormflo og bølgjepåverknad som tilsvrar berekna flaum ved stormflo inkl. havnivåstigning og bølgjepåverknad fram til 2090. Faresona omfattar frå kote 0,0-2,8 m.o.h. og alle areal som er nærmere enn 50 meter frå sjø og ligg under kote 4,1 for sørlegaste delen av sentrum og under kote 4,6 for nordlegaste delen av sentrum. Før bygging av nye tiltak, jfr. pbl §1-6 i kan iverksetjast, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum og bølgjepåverknad jf. sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggeteknisk forskrift, vere dokumentert.
- Minste byggehøgde på golv i bygg er 2,8 m.o.h NN2000 for bygg utan spesielle tiltak for sikring mot vatninntrenging.
- For å sikre seg mot fall og nedfall frå skrentar og stup ved framtidig utbygging, så er det i føresegnehene stilt krav om at ein skal dokumentere at tryggleik er ivaretatt i samsvar med gjeldande regelverk.
- Føresegnehene gjer Klima- og Miljødepartementet si *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442:2021*, gjeldande for planområdet. Ved å forhalde seg til denne vil ein forebygge støyplager og ivareta tilfredsstillande lydnivå på utandørs oppholdsareal samt for bygningar med støyfølsamt bruksføremål.

Planområdet framstår generelt som noko sårbart for naturfare, noko omfanget av faresoner slik det er vist på plankartet illustrerer.

3	2021-06-15	Oppdatering etter 1.gongs off.etersyn	SiKSu	PerLer	SiKSu
2	2019-10-30	1.gongs offentleg ettersyn	SiKSu	PerLer	SiKSu
1	2019-10-01	For framlegg til offentleg ettersyn	SiKSu	PerLer	SiKsu
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikke kopierast eller gjerast tilgjengelig på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

1 Innleiing

Norconsult har på oppdrag frå Sula kommune utarbeidd områdereguleringsplan for Langevåg sentrum og denne risiko- og sårbarheitsanalysa er ein del av vedtaksgrunnlaget. Planen legg til rette for framtidig sentrumsutvikling i kommunesenteret til Sula kommune.

I samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova er det stilt krav om at det ikkje skal byggast ut i usikre område. Føremålet med analysa har vore å vurdere alle risikoforhold som har innverknad på om arealet er eigna til planlagde føremål, og ev. endringa i slike forhold som følge av planlagt utbygging. I tillegg skal vurderinga gjere greie for om planframlegget representerer fare for omgivnadane og om omgivnadane representerer fare for det regulerte området (tosidig påverknad).

Føremålet med analysa er å gi ei overordna og representativ framstilling av risiko og konsekvens for miljø og samfunn sett opp mot løysingane i reguleringsplanen.

1.1 Analyseobjektet

Planområdet omfattar sentrum av Langevåg som er kommunesenter i Sula kommune. Planområdet tek utgangspunkt i kommuneplanen sin arealdel og den avgrensinga av sentrumsføremål som er gjort i det planarbeidet.

Planområdet strekk seg langs Molværsvegen i sør, inn mot Devoldfabrikken, og vidare utover Stadsnesvegen til Lerheimskaia med Langevågsbåten i nord. Planen har også med seg areala på begge sider av hovudvegen inn til Langevåg, fv. 657 gjennom Djupdalen, frå Kyrkjekrysset.

1.2 Føresetnadar og avgrensinger

Følgande føresetnader er lagt til grunn for risiko- og sårbarheitsanalysa:

- Analysen er overordna og kvalitativ.
- Analysen er avgrensa til temaet samfunnssikkerheit slik dette er skildra av DSB (Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap).
- Utbygging og verksemder si drift følger relevante lover og forskrifter, som sikringstiltak og liknande.
- Vurderinga er avgrensa til det aktuelle planområdet.
- Vurderinga omfattar ferdige løysingar, ikkje vurdering av risiko i bygg- og anleggsfasen.
- Vurderinga omfattar ikkje uavhengige, samanfallande hendingar.
- Vurderinga omfattar ikkje tilsikta hendingar (sabotasje, hærverk o.l.).
- Vurderingane er basert på føreliggande dokumentasjon om området, samt bruk av nærområdet.

2 Metode

Rapporten tek utgangspunkt i føringar frå DSB sin veiledar om *Samfunnsikkerhet i kommunens arealplanlegging*.

Først er uønska hendingar kartlagt ved å bruke Fylkesmannen i Møre og Romsdal si sjekkliste for å avdekke farer. I dei tilfella det er risiko for ei uønska hending er risiko og sårbarheit for denne vurdert grundigare i etterfølgande kapittel. Avslutningsvis er risikoreduserande tiltak foreslått.

3 Kartlegging av fare

3.1 Fylkesmannen si sjekkliste for ROS-analyse

For å avdekke farer er Fylkesmannen si sjekkliste for ROS-analyse nytta. Faremoment som er aktuelle for denne planen (i driftsfase) er markert med kryss for «JA» og vert vurdert videre i kp. 4.

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	x		https://gis3.nve.no/link/?link=aktsomhet	Nei
B	Er området utsett for større fjellskred?	x			Nei
c	Er det fare for flodbølgjer som følge av fjellskred i vatn/sjø?	x			Nei
d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x		NVE har i samband med regional kartlegging av kvikkleire utarbeidd kart som viser aktsembsområde marin leire. Det er også vist aktsembsområde områdeskred. Det er gjort grunnundersøking i området og konklusjonen frå denne er at skredfare kan utelukkast i samsvar med kriteria gitt i NVE sin veileder. Temaet vert nærmere omtala i ROS-analysa.	Ja
e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	x		NVE sitt aktsembskart viser aktsembsoner langs Molværselva, Vassetelva og Djupdalen Det er utarbeidd eige notat med flaumvurderinger Temaet vert difor nærmere omtala i ROS-analysa.	Ja

	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?	x	Kommunen sine opplysningars tilseier at det ikkje er problem knytt til overflatevatn og avløpssystem. Vassetelva er som ein del av det historiske kraftverket på Devold lagt i lukka bekk under fabrikken. Kraftverket tek unna inntil 2 kubikk pr sekund og blir starta ved behov. Det går ikkje noko vatn i kraftverktunnelen elles. Dersom kraftverket ikkje kan ta unna vil vatnet gå i Vassetelva. Denne er ikkje dimensjonert for slike vassmengder. Den vert dessutan avslutta i eit kulvertsysten under Devoldfabrikken og har ikkje fritt utløp til sjøen. Dette vil kunne skape flaum. Temaet vert difor nærmere omtala i ROS-analysa.	Ja
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?	x	Planområdet omfattar i hovudsak utbygde område, og faren for skog-/lyngbrann er låg. På Peneset kan ein ikkje utelukke ei viss brannfare, men dette utgjer så liten del av området og ligg slik til at spreiingsfaren er avgrensa. Temaet vert difor ikkje nærmere omtala i ROS-analysa.	Nei
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	x	Sjønære område er vist som aktsemrådssoner i NVE sitt kart for flaumfare. Det er utarbeidd eige notat med vurdering av stormflo og bølgjepåverknad medrekna havnivåstigning Temaet vert difor nærmere omtala i ROS-analysa.	Ja
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	x	Det er gjennomført målingar av radon i ei rekke kommunale bygg. Ingen av desse ligg over grenseverdiane. Dei fleste ligg langt under. Ved nybygging vil TEK ivareta tiltak knytt til radon	Nei
	j	Anna (Spesifiser)?			

Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærlieken?	x			Nei
b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	x		Det er ein del bratte skrentar i planområdet, hovudsakleg menneskeskapte. Desse er stort sett frå eldre utbyggingar og det er ikkje dokumentert at desse er forsvarleg sikra. Temaet vert difor nærmere omtala i ROS-analysa.	Ja
c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågareliggende område?	x			Nei
d	Anna (spesifiser)?				

Vassforsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?	x		Kommunen sine opplysningar tilseier at det ikkje er problem knytt til vassforsyning og avløp.	Nei
b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x			Nei
c	Anna (spesifiser)?				

Kraftforsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
a	Er området påverka av magnetfelt over $0,4\mu\text{T}$ frå høgspentlinjer?	x			Nei

	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	x		Nei
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x		Nei
	d	Anna (spesifiser)?			
		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?	x		Det er registrert fleire trafikkulykker langs fv. 657. Dei fleste er med lettare skader, men der er også nokre med alvorlege skader. Planen foreslår ei rekke trafikale grep for å betre forholda. Temaet vert difor ikkje nærmere omtala i ROS-analysa.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntrefte på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x		Det er registrert transport av farleg gods langs fv. 657. Dette kan vere eit risikomoment dersom køyretyret med farleg gods er involvert i ei ulykke. Ulykker med farleg gods kan vere sterkt forureinande, miljøbelastande og utgjere ei stor fare for omgjevnadane. Det er ikkje blitt registrert ulykker som følgje av denne transporten, men sjølv om risikoien for uhell er liten er den til stades. Dette er vanskeleg å førebygge gjennom grep i reguleringsplan, og må følgjast opp i beredskapsarbeidet.
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	x		Ja, sjå punkt over
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendingar?	x		På delar av fv.657 til og fra Langevåg er det ikkje mogleg med omkjøring. Dette gjer at Langevåg kan bli isolert ved hendingar som blokkerer denne vegen. Det føreligg ikkje avbøtande tiltak som kan realiserast gjennom grep i denne reguleringsplanen, og temaet må følgjast opp i beredskapsarbeidet.
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
a	Vil planen/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	x		<p>Det er ikke forhold som tilseier at forureining i form av lukt eller støv har eit omfang som gjer at desse tema må vurderast.</p> <p>Statens vegvesen sine strategiske støykart viser at det er område i både raud og gul sone innanfor planområdet.</p> <p>Det er utarbeidd støyutgreiing som eigen rapport for å vurdere korleis planforslaget skal ivareta støyproblematikken.</p> <p>Temaet vert nærmere omtala i ROS-analysa.</p>	Ja
	Vil planen/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x		Nei
	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	x			Nei
	Anna (spesifiser)?				

Er området påverka/ foreina frå tidlegare bruk	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x			Nei
b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x		Nei
c	Industriverksemde eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrannning, skipsverft, gartneri etc.?	x		<p>Det er ikke registrert forureina grunn i planområdet, men overordna ROS påpeikar følgande: Gamle industritomter kan vere utsette for forureining av ulike miljøgifter. Bensinstasjonar og verkstader er også område med mogleg foreina grunn. Det finst dermed fleire område med potensial for grunnforureining innanfor planavgrensinga.</p> <p>Det er ikke behov for å gjøre planmessige grep, men det vert utarbeidd føresegner som</p>	Nei

					stiller krav til område der tiltakshavarar må undersøkje og eventuelt gjere tiltak dersom ein skulle kome bort i forureina masser. Dette er i tråd med gjeldande lovverk.	
d	Anna (spesifiser)?					

Brann/ulukkesberedskap	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
		x			
a	Har området mangefull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	x		Kommunen sine opplysningar tilseier at det ikkje er problem knytt til sløkkjevassforsyning.	Nei
b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	x		Kommunen sine opplysningar tilseier at det ikkje er problem knytt til tilkomstruter for utrykkingskjøretøy.	Nei
c	Anna (spesifiser)?				Nei

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
		x			
a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?	x		Ein får ikkje ulemper ut over det ein må rekne med i tilfelle desse tenestene skulle vere ute av drift. Kritiske funksjonar er sikra med naudagggregat.	Nei
b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x		Det er 8 §13-bygg innan planområdet. Desse er sikra tilkomst, og ligg i relativ nærleik til brannstasjonen og vert gitt særleg merksemd i kommunen sine beredskapsplanar. Tiltaka i planen forvorrar ikkje forholda for desse områda. Planen legg til rette for utviding av eksisterande brannobjekt og etablering av nye bygg som kan bli brannobjekt. Avklaringar knytt til brann vert ikkje gjort gjennom grep i områdeplanen, men må avklarast gjennom detaljregulering/byggesakshandsaming.	Nei

	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	x		Dette er samanfallande med 7 av dei 8 brannobjekta som er medtatt i punktet ovanfor. Sjå vurderingar knytt til punktet.	Nei
	d	Anna (spesifiser)?				

Verksemderisiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x		Overordna ROS har vurdert at eksisterande bensinstasjon i planområdet kan utgjere ei eksplosjonsfare. Området er sikra tilkomst, og ligg i nærliek til brannstasjonen. Tiltaka i planen forvorrar ikkje forholda for denne verksemda. Temaet vert difor ikkje nærmare omtala i ROS-analysa.	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x		Nei
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representera ein fare?		x		Nei
	d	Anna (spesifiser)?				

Uovleg verksemde	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	Vidare vurdering
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x			
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x		Ikkje utover det at sentrumsområde og butikkområde samlar mykje folk.	Nei
	c	Anna (spesifiser)?				

3.2 Fylkesmannen si sjekkliste for klimatilpassing

Sjekkliste klimatilpassing – Spørsmåla i sjekklista er svart ut med tekst i kursiv

Flaumfare

- a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²): Vassdraga er ikke større enn 100 km², dei er henholdsvis 3,8 km² og 5,2 km².
- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga? Ja
 - Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga? Ja, men i berekningane framstår vassdraga som lite sensitive. Dvs. at det krev relativt stor auke i vassføring for at vannstandstigninga skal bli markant.
 - Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)? All statistikk viser at det ikke er samanheng mellom stormflo og flaum frå vassdrag og det er ikke tatt høgde for at dette vil skje samtidig.
 - Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumpotensa)? Ukjent, men dette er ikke forventa.
- b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:
- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør? Nei. Sidan vassdraga har vore regulert er det sannsynleg at større flaumar har blitt dempa.
 - Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda? Ja, men i berekningane framstår vassdraga som lite sensitive. Dvs. at det krev relativt stor auke i vassføring for at vannstandstigninga skal bli markant.
 - Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk? Planen viser 15-20 meter byggegrense til vassdrag. Allereie utbygde område ligg tett på vassdraget og vil bli råka ved større flaumhendingar.
 - Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder? Begge elvane er lagt gjennom fleire kulvertar og det er berekna at det vil vere kapasitsproblem ved fleire av desse. Konsekvensane av dette varierer frå liten til veldig stor. Føresegne stiller krav om at tiltak for å sikre mot flaum må avklarast i detaljregulering.

Skred/erosjon

- a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?
- Områda langs Vassetelva ligg innanfor faresone skred, og Det er stilt krav i føresengne om at stabilitet må vurderast av fagkyndige før nye tiltak kan iverksetjast. Føresegne stiller krav om at tiltak for å sikre mot skreds skal vurderast. For dette området er det krav om detaljregulering og dette må avklarast når denne vert utarbeidd.
 - Gjennom planområdet er Vassetelva ein steinsett/oppmura kanal, og etter kommunen sine opplysningar er dermed ikke områda særleg utsett for erosjon.
 - Det føreligg ikke opplysningar om områda langs Molværselva er utsett for erosjon. Områda er ikke avmerka som aktsemndssone skredfare i NVE sitt kart. Sidan området er flaumutsett kan tiltak bli nødvendig, og desse må utformast på ein måte som gjer at det ikke er utsett for erosjon
 - Langs sjøen kan bølger medføre erosjon. Geileneset er det området som er mest utsett, men kommunen har ikke kjennskap til at dette har medført problem tidlegare. Føresegne stiller krav om at vurdering av naturfare skal inngå dersom det skal gjera tilskade i området.
 - Ved gjennomføring av tiltak innanfor område som er merka som faresone skred, må det vurderast om det er reell fare for områdeskred og om det ev. er behov for sikringstiltak for å oppfylle gjeldande tryggleikskrav.

Avløp

- a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssistema ved tidlegare hendingar med intens nedbør? *I følgje kommunen si VA- avdeling har det ikke vore problem knytt til avløpssystem.*
- b) Har det vore problem tilbakeslag? *I følgje kommunen si VA- avdeling har det ikke vore problem knytt til tilbakeslag.*
- c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda? *Ein kan ikke utelukke at dette vil forkomme for eksisterande system. For system av nyare dato og framtidige anlegg skal dette vere ivaretatt.*
- d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)? *Tilbakemeldingar frå Sula kommune si VA-avdeling tilseier at dette ikke ei aktuell problemsstilling.*

Havnivå/stormflo

- a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)? Ja

Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

- a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området? *Nei, sårbare institusjonar og anna kritisk infrastruktur er ivaretatt gjennom kommunen sin beredskapsplan.*

Slagregn

- a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn? *Det er vurdert at området ikke er sårbart for slagregn.*

3.3 Vurdering klimatilpasning

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018) påpeiker kor viktig det er at planlegging vert tilpassa klimaendringane. Klimatilpasning skal bidra til at samfunnet blir betre rusta til å møte klimaendringene, gjennom å sikre at kommuner og fylkeskommuner unngår eller avgrenser risiko, sårbarheit og ulemper, og dreg nytte av eventuelle fordelar som følge av endringar i klimaet. I vurdering av klimatilpasning og omsynet til klimaendringar er det tatt utgangspunkt i sjekklista til Statsforvalteren (sjå avsnittet over) samt NVE sitt faktaark nr. 7/2018 Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen. Nemnte faktaark påpeikar at flaum, skred samt stormflo og havnivå må vurderst og planlegges for. Som ein del av reguleringsplanforslaget er desse tema utgreidd og vurdert, sjå omtale både i denne ROS-analyza og i øvrige plandokument. Føresegne til planen sikrar at nødvendige tiltak vert gjennomført før utbygging.

I fellesføresegne er det presisert at ved planlegging av nye utbyggingsområde skal det utarbeidast plan for vassforsyningasanlegg, avløpsanlegg og overvassanlegg. For overvatn skal det vurderast å nytte løysingar med infiltrasjon og opne vassvegar dersom det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg.

Under grønnstruktur står det i føresegnene at eksisterande, oppstamma tre innanfor H570-sona skal bevarast og kan ikke fjernast med mindre dei er dokumentert å vere til fare for omgjevnadane. Tre i andre område med større høgde enn 10 m og stammediameter større enn 0,4 m kan heller ikkje fellast utan etter løyve frå kommunen.

Formingsrettleiar for eit Levande Langevåg gir rettleiing for utforming av overgang mellom landareal og sjø møblering, vegetasjonsbruk, belysning og materialbruk. Der grøntstruktur ligg inn mot vassdrag stiller føresegnene krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte i samsvar med vassressurslova § 11 langs elva. Ved inngrep skal området tilbakeførast til opprinneleg tilstand, eller tilsvarande utføring.

Områdeplanen fører med seg auka kunnskap og stiller krav i vidare planlegging og utbygging. Dette bidreg til å gjere Langevåg betre rusta for å møte eit klima i endring og de utfordringane dette fører med seg.

4 Vurdering av hendingar


4.1 Skred

Ustabil byggegrunn er i liten grad eit problem i kommunen. Størsteparten av området er utbygd, og ein kjenner ikkje til at det har vore problem med ustabile grunnforhold. Det er mange område med bart fjell innanfor planområdet. Delar av sentrumsområde ligg på utfyllingar. Det er ikkje kjente forekomstar av kvikkleire. Heile området ligg under marin grense, men dei marine avsetningane inneheld så langt ein kjenner til sand og grus og er relativt stabile.

Det er gjennomført kartleggingar av grunnforhold i samband med planarbeidet. Faren for områdeskred er utgreidd i samsvar med prosedyre i *Tabell 3.1 i NVEs kvikkleireveileder*. Ulike typer tiltak er aktuelle for området, og det er plassert i tiltakskategori K4 i samsvar med *Tabell 3.2 i NVEs kvikkleireveileder*.

Faresonenene er innskrenka i samsvar med tabell 3.2 punkt 5, og borpunkt er plassert i forhold til dette.

Grunnundersøkingane viser faste lausmasser over berg, og det er ikke treff på kvikkleire/sprøbruddmateriale som kan påverke områdestabiliteten. Skredfaren i dei aktuelle områda kan dermed utelukkast i samsvar med kriteria gitt i punkt 7 i Tabell 3.2 (Kjelde: 10243894-RIG-NOT-001 Skredfarevurdering, Multiconsult, 2022 – vedlegg 13 til planomtalen)



Figur 1 - Aktsemdskart for marin leire (Kjelde: NVE atlas)

For område med marin leire er potensiale for ustabile masser knytt til byggegropsproblematikk. Etter råd fra NVE er det i områdeplanen vist faresone for marin leire. I tilhøyrande føresegner er det stilt krav om at gjeldande tryggleikskrav i NVE sin rettleiar og byggteknisk forskrift skal ivaretakast. Vurderingar av grunnforhold skal utførast av fagkyndige geoteknikarar (RIG) i samband med detaljregulering eller byggesøknad.


4.2 Flaum frå elvar og vassdrag, inkl. lukka bekkar

Molværselva er eit mindre vassdrag vest for Langevåg som renn frå Molværsvatnet, gjennom bustadområda på Molvær og ut i sjøen. Vassetelva har sitt opphav i Sætrevatnet og renn derifrå gjennom Vassetvatnet, Langevåg sentrum og ut i fjorden. Mellom Vassetvatnet og fjorden kryssar elva under fleire mindre vegar og gjennom to lange kulvertar. Elva renn under Devold-fabrikken i ein lang kulvert, gjennom det historiske kraftverket og ut i fjorden. Det er også eit anna mindre nedbørfelt som er namngitt Djupdalen. Djupdalen er eit mindre vassdrag som er lagt i bakken gjennom Langevåg sentrum. I ein flaumsituasjon, eller dersom overvassystemet får redusert kapasitet, er det forventa at flaumvassføring vil renne på overflata til utløpet i sjøen. NVE sine aktsemeldskart syner at ein må vurdere flaumfare knytt til desse tre vassdraga.


Basert på dette er det utarbeidd ein rapport med detaljerte berekningar av flaumfare for dei tre vassdraga (Norconsult, 2022). Det er berekna flaumfare for gjentaksintervall 20, 200 og 1000 år i eit framtidig klima. Utførte berekningar tilseier at områda tilknytt elvane vil vere utsett i ein flaumsituasjon. For Molværselva gjeld dette i hovudsak dei bustadområda som ligg nærmast elva og vegane som kryssar vassdraget. For Vassetelva er kulvert under Devold-fabrikken avgrensande på flaumavleiring og idet kulverten går full vil ein få flaumvassføring på overflata, først gjennom fabrikkområdet og så ut i sjøen.

Djupdalen er et nedbørfelt der tilsiget vert handtert av overvassystemet i Langevåg. Vassdraget har sitt opphav i Iglevatnet og renn delvis i dagen og delvis i kulvert over Eirikslassen, ned til Djupdalen og til utløpet i sjøen. Området er omfatta av NVE si aktsemeldssone, men framstår i liten grad som eit vassdrag i klassisk forstand. I ein flaumsituasjon der kapasiteten til overvassystemet vert overskride er det forventa at bilvegen ned Djupdalen fungerer som flaumtrasé.

I områdeplanen er det vist faresone flaum som samsvarer med flaumberekningane for 20-, 200- og 1000-års gjentaksintervall i eit framtidig klima. I føresegne til faresonene er det stilt krav om at tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum jf. sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggeteknisk forskrift skal vere dokumentert ivaretatt gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før bygging kan starte. For Molværselva og Vassetelva er det krav om detaljregulering og i samband med utarbeiding av desse skal tiltak mot flaum vurderast og ev. innarbeidast.



Figur 2 - Berekna flaumsone for Molværelva - 200 års gjentaksintervall i eit framtidig klima.



Figur 3 - Berekna flaumsone for Vassetelva og Djupdalen - 200 års gjentaksintervall i eit framtidig klima.

4.3 Havnivå/stormflo/bølgjepåverknad

NVE sine aktsemdskart syner at ein må vurdere flaumfare i strandsona. DSB sin rapport «Havnivåstigning og stormflo» syner framtidig stormflo på 2,50 moh (20 år), 2,68 moh (200 år) og 2,78 (1000 år) i Sula.

Basert på dette er det utarbeidd eit notat med meir detaljerte vurderingar av havnivå, stormflo og bølgjepåverknad: *Stormflo og bølger i Langevåg sentrum* (Norconsult, 2021). Der vert det konkludert slik:

- Byggverk i strandsona skal dimensjonerast etter gjeldande byggeteknisk forskrift og flaumsikrast i samsvar med aktuell sikkerheitsklasse. Det er ikkje tilrådd at bygg eller liknande tiltak vert dimensjonert etter Sikkerheitsklasse F1. denne vert nytta for naturområde, parkar og stiar. I det etterfølgande er det nytta verdiar frå Sikkerheitsklasse F2 (200 års returperiode i 2090). Dersom tiltak i Sikkerheitsklasse F3 er aktuelt må det gjerast eigne vurderingar.
- Det er gjennomført ei analyse av vindbølger og havbølger i Langevåg sentrum. Analysen viser at det er tydelege innslag av havbølger og dønning i Langevåg. Saman med dei lokale vindbølgene er det berekna signifikant bølgehøgde i Langevåg sentrum i størrelse $H_s \approx 1.5 \text{ m} \pm 0.25 \text{ m}$. På vestsida av Massholmen aukar belastninga opp til $H_s \approx 3.5 \text{ m}$, og her dominerer havbølgene.
- Stormflo-analysa er basert på observerte tal frå Ålesund og estimat på framtidig endring av middelvatn i Sula kommune. Vannstandsauke som følge av klimaendringar er henta frå referanse 1. Dimensjonerande stormflonivå i 2090 (Klasse F2) er 2.57 m NN2000. Dette tilsvarar 200-årsstormflo inkludert havnivåstiging og bølgjepåverknad.
- Sentrumsplanen er gjennomførbar og utan svakheiter. Det er følgende merknader til fire utvalgte områder i Langevåg.
 1. Område for «BBS1: Smbåtanlegg i sjø» i planens sørvestre del: Området kan brukes til småbåtanlegg eller marina, og stedet kan beskyttes mot bølger ved en molo langs områdets yttergrense. Antatt nødvendig høyde på molo mot vest er ca 4.1 m NN2000.
Vi gjør særskilt oppmerksom på at en utfylling eller molo i dette området kan ha negative konsekvenser for naustene som ligger øst for området.
 2. Strandområde: Ingen særskilte tiltak er nødvendig, men man må unngå å bygge noe nær stranda. Stranda er stabil, men man bør følge med på utviklingen i nordøstre del av stranda, nær bolighuset.
 3. Promenade/Turveg på nordsida av vågen: Åpning for en tursti for alminnelig publikum er gjennomførbart, men det må sikres at stien er trygg å ferdes på.
 4. Sulatun sjukeheim: Dette anlegget faller i Flomklasse F3, og ligger for lavt i dag til å tilfredsstille den klassen. Bygget er ikke kritisk utsett for flom i dag, men det bør legges en plan for permanent sikring av bygget ved tiltak utenfor anlegget.
- I områdeplanen er det vist Faresone – Havnivå og stormflo som tilsvarar berekna flaum ved stormflo inkl. havnivåstigning og bølgjepåverknad fram til 2090. Dette tilsvarar 200-årsstormflo inkludert havnivåstiging og bølgjepåverknad. Faresona omfattar frå kote 0.0-2,8 m.o.h. og alle areal som er nærmere enn 50 meter frå sjø og ligg under kote 4,1 for sørlegaste delen av sentrum og under kote 4,6 for nordlegaste delen av sentrum.

Før bygging av nye tiltak, jfr. pbl §1-6 i kan iverksetjast, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum og bølgjepåverknad jf. sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggeteknisk forskrift, vere dokumentert.

Minste byggehøgde på golv i bygg er 2,8 m.o.h NN2000 for bygg utan spesielle tiltak for sikring mot vatninntrenging. For bygg med sikring mot tilbakeslag i avløpsrør kan byggehøgda settast til 2.6 m NN2000. Unntak gjeld for bygningar og anlegg som kan legge fram dokumentasjon på at byggverk, produkt og konstruksjon tilfredsstiller krav mot vatninntregning, stormflonivå og bølgjer opp til høgde 2.8 m NN2000. Døme på slike unntak er innandørs parkeringsanlegg, kjellar m.m.

Andre tiltak som ikke har permanent menneskeleg opphold og kan tilpassast aukande havnivå, eller som kan tolke overfløyming uten store miljøkonsekvenser eller kostnader, kan ha byggjehøgde 2.2 meter NN2000 eller høgare. Døme på slike bygg er turstiar, naust, utandørs parkeringsplassar, kaiar, parkar og friluftsanlegg m.v.

4.4 Terrengformasjonar

Kommunen har registrert terrengformasjonar med bratt helling og stor fallhøgde. Det er både naturlege og menneskeskapte fjellskjeringsar som kan utgjere ei fare. Reguleringsplanar kan ikkje gi pålegg til å vurdere konkret fare og behov for sikring for eksisterande skjeringsar. Det har vore vurdert å nytte faresone stup på desse områda, men ein sikrar seg ikkje med det at risiko vert vurdert dersom det vert laga nye skjeringsar eller terrengformasjonar som kan skape farlege hendingar. I staden er det stilt dokumentasjonskrav ved ny utbygging om at tryggleik mot fall og nedfall skal vere ivaretatt både for eksisterande og nye skrentar/stup.



Figur 4 Kartlagde skrentar og stup innanfor planområdet. Det er ikkje skilt mellom naturlege og menneskeskapte skrentar/stup. (Kjelde: Sula kommune, 2019)

4.5 Støy

Statens vegvesen sine støykart som viser prognosenter 15-20 år fram i tid viser at deler av sentrum kan vere støyutsett. Planforslaget viser mindre vegomleggingar i to kryssområde, og dette kan medføre endra støybelastning. På bakgrunn av dette er rapporten *Områdeplan Langevåg sentrum – Støytredning* (Norconsult, 2019) utarbeidd.

Klima- og Miljødepartementet si *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442:2021*, vert lagt til grunn ved arealplanlegging og handsaming av einskildsaker etter plan- og bygningslova. Dette for å forebygge støyplager og ivareta tilfredsstillande lydnivå på utandørs oppholdsareal samt for bygningar med støyfølsamt bruksføremål. Dette omfattar følgande aktuelle føremål: Bustadar, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar.

Berekningane for framtidig situasjon viser at første bygningsrekke langs dei større vegane ligg innanfor gul støysone ($Lden > 55 \text{ dB}$) og delvis raud sone ($Lden > 65 \text{ dB}$). Øvrige bygningar innanfor planområdet, har i hovudsak støynivå lavare enn gjeldande grenseverdiar.

Med unntak av leikeområda BLK8 og BLK9 ligg det ikkje til rette for å stille krav om langsgåande støyskermar, hovudsakeleg på grunn av ønske om bymessig utforming med publikumstilbod på bakkeplan, samt at fleire tilkomstvegar ved tett utbygging gjer støyskerming lite hensiktsmessig. For ny utbygging må det difor vurderast lokale støytiltak på fasade eller i form av skjerming på balkong for å ivareta krav til akseptabelt støynivå.

For raud støysone er det følgjande føresegns:

Det skal ikkje oppførast bygningar med støyfølsam bruk.

For gul støysone er det følgjande føresegns:

Før det vert gitt rammeløyve for støyfølsame bruksføremål utarbeidast detaljert støyvurdering i samsvar med støyretningslinja T-1442 (eller seinare utgåver av denne), med aktuelle avbøtande tiltak. Der det ikkje er råd å oppnå støynivå etter retningslinja i heile bygget/bygningsdelen, skal minimum følgjande vere oppfylt:

- *Bueiningar eller bygningsdelar med støyfølsam bruk skal ha ei stille side.*
- *Minimum 50% av rom til støyfølsam bruk i kvar bueining, skal ha vindauge mot stille side. Av desse skal minimum eitt soverom ligge mot stille side.*
- *Støyretningslinene i T-1442:21 (eller seinare utgåver av denne) skal vere oppfylt for uteoppholdsareal, jf. § 3.1.1.*
- *Alle bueiningar med rom for støyfølsam bruk som har vindauge som vender mot støyutsett side skal ha mekanisk balansert ventilasjon*
- *Vindauge i soverom på støyutsett side og som er soleksponert bør ha utvendig solskjerming. Behov for kjøling må vurderast.*
- *Naudsynte støyreduserande tiltak skal være gjennomført før bruksløyve vert gitt.*
- *Alle støyfølsame rom skal ha oppfylle krav til innandørs lydnivå i TEK / NS-8175, dvs. 30 dB (Leq24h)*

5 Konklusjon og forslag til risikoreduserande tiltak

Det er i all hovudsak naturgitte forhold som utgjer risikoene og sårbarheita til området. Nokre av desse forholda vert forsterka av menneskeskapte byggverk.

Ved framtidig utbygging vil dei fremste risikoreduserande tiltaka vere å nytte fagkyndig kompetanse til å vurdere korleis ein skal ivareta krav som framkjem av planen sine føresegner og kople dette opp mot gjeldande krav som myndigheter og byggeteknisk forskrift stiller.

Planen stiller følgande krav for å ivareta dette:

- Å sikre tryggleik for marin leire er knytt til byggegropsproblematikk. Det er difor i samråd med NVE vist eit føresegnsområde i plankartet. I tilhøyrande føresegner er det stilt krav om at gjeldande tryggleikskrav i NVE sin rettleiar og byggeteknisk forskrift skal ivaretakast. Vurderingar av grunnforhold skal utførast av fagkyndige geoteknikarar (RIG) i samband med detaljregulering eller byggesøknad.
- For å sikre tryggleik mot flaum frå elvar og bekkar ved framtidig utbygging så har ein lagt inn byggegrense på 15-20 meter frå eksisterande elveløp.
- I områdeplanen er det vist faresone flaum frå elvar som samsvarer med flaumberekningane for 20-, 200- og 1000-års gjentaksintervall i eit framtidig klima. I føreseggnene til faresonene er det stilt krav om at tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum jf. sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggeteknisk forskrift skal vere dokumentert ivaretatt gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før bygging kan starte. Det er krav om detaljregulering for kvart av desse områda og i samband med utarbeidning desse skal tiltak mot flaum vurderast og ev. innarbeidast.
- I områdeplanen er det vist Faresone – Havnivå og stormflo og bølgjepåverknad som tilsvarar berekna flaum ved stormflo inkl. havnivåstigning og bølgjepåverknad fram til 2090. Dette tilsvarar 200-årsstormflo inkludert havnivåstiging og bølgjepåverknad.
- Faresona omfattar frå kote 0,0-2,8 m.o.h. og alle areal som er nærmere enn 50 meter frå sjø og ligg under kote 4,1 for sørlegaste delen av sentrum og under kote 4,6 for nordlegaste delen av sentrum. Før bygging av nye tiltak, jf. pbl §1-6 i kan iverksetjast, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum og bølgjepåverknad jf. sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggeteknisk forskrift, vere dokumentert. Dersom tiltak i Sikkerheitsklasse F3 er aktuelt må det gjerast eigne vurderingar.
- Minste byggehøgde på golv i bygg er 2,8 m.o.h NN2000 for bygg utan spesielle tiltak for sikring mot vassinnretning.
- For å sikre seg mot fall og nedfall frå skrentar og stup ved framtidig utbygging, så er det i føreseggnene stilt krav om at ein skal dokumentere at tryggleik er ivaretatt i samsvar med gjeldande regelverk.
- Føreseggnene gjer Klima- og Miljødepartementet si *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442:2021*, gjeldande for planområdet. Ved å forhalde seg til denne vil ein forebygge støyplager og ivareta tilfredsstillande lydnivå på utandørs oppholdsareal samt for bygningar med støyfølsamt bruksføremål.

Planområdet framstår generelt som noko sårbart for naturfare, noko omfanget av faresoner slik det er vist på plankartet illustrerer.

6 Kjelder

Skred: Regional kvikkleirekartlegging - Risiko for områdeskred i Sula kommune, (NVE, 2019)

Flaum: Flomvurderinger for Sula kommune – Molværselva og Vassetelva, (Norconsult, 2019)

Havnivå: Stormflo og bølger i Langevåg sentrum, (Norconsult, 2021)

Terrengformasjonar: Kartlegging bratte skrentar og stup, (Sula kommune, 2019)

Støy: Områdeplan Langevåg sentrum – Støyutredning, (Norconsult, 2021)